

Fra: Olav Bjørn Lygre[olav.bjorn.lygre@gmail.com]
Sendt: 19.02.2023 22:41:22
Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]
Tittel: Fwd: Klage på saksbehandling i Alver kommune - utkast

Statsforvaltaren i Vestland
Seksjon for forurensing

Kloakkforurensing på Lygra gnr/bnr 58/81, meieriet på Lygra kai i Alver kommune.

Vi blir no nødt til å vende oss til Statsforvaltaren i Vestland knytt til desse sakene vi tek opp i dette brevet. Vi kjenner oss makteslause etter langvarig korrespondanse med Alver kommune om diverse tilhøve ved kaien. Kloakken går framleis rett i sjøen fra gnr/bnr 58/81 sjølv om det er snart 5 år sidan vi tok opp denne saka med kommunen. Det har ikkje skjedd noko trass i at vi som grunneigarar, nabo og part i saka fleire gonger har teke dette opp med kommunen. Grunneigarane eig kaien og kloakken går over vår eigedom og vidare urensa (uten septiktank) rett i sjø ved kaifronten. Det er svært utrivelig situasjonen. Kommunen har gått inn i ørkesløse prosesser med innehaver av eigedomen og gir stadig utsetjingar og etter 5 år har absolutt ingen ting skjedd. Det er klanderverdig. Eigedommen (58/81) er registrert som fritidsbustad, men vert brukt i perioder som fast bustad.

Vågen, kaien og nausteområdet er opent tilgjengeleg for ålmenta og for tilreisande folk med båt. Ofte er det gjester til Lyngheisenteret på Lygra som legg til kai her. Bebyggelsen kring kaien med meieri, sjøbuer, naust og steinkaier har stor attraktivitet i seg sjølv i tillegg til at sjølve vågen er brukt til bading for dei som soknar til kaiområdet/nausteområdet. Kloakk i sjøen gjer naturlegvis bading og fiskeing uaktuelt for både gjester og fastbuande. Vi ser no ingen anna råd enn å vende oss til Statsforvaltaren i Vestland når verken kommunen svarer oss eller tek fatt i denne saka som opprører bygda. Vi ber difor om at statsforvaltaren tek kontakt med Alver kommune med føremål om at kommunen set denne saka øverst på dagsorden. Vi ber i det vidare om at grunneigarlaget og kailaget heretter vert løpande orientert om kva kommunen føretek seg i sakas anledning. Vi ber også om at statsforvaltaren sender oss kopi av sitt "pålegg" til kommunen.

For styret i Lygra grunneigarlag og Lygra kailag
Olav Bjørn Lygre